



Alver kommune Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: ea59c4b4-9e0e-453e-84d4-01989f71b869

Vår: 23/6075 - 23/63401

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

15.08.2023

## Uttale VEG - høring - Endring av reguleringsplan for Fv. 5310 Fosse - Moldekleiv med oppgradering av Fossekrysset, planid. 125620160012

Eigedomsforvaltning v/avdeling veg har fått endring av reg.plan Fossekrysset – Moldekleiv på høring. Avdelinga har nokre merknader/kommentarar til planen.

### Plankart:

#### R001:

Førre plan la opp til ei kryssing av fylkesvegen for mjuke trafikantar. Den nye utforminga fører til at det både vert kryssing av fylkesveg, kommuneveg og avkøyrsla mot Fossesjøen. Alver kommune får stadig tilbakemelding frå innbyggjarar som meiner det bør komme overgangsfelt for å trygge kryssinga for elevar og andre som kjem med skule- og rutebuss i dette området. Fylket har tidlegare gjennomført teljing av kryssande i området og konkludert med at behovet for overgangsfelt ikkje er tilstade i dag. Alver kommune meiner likevel at trafikksikring og trygging av mjuke trafikantar bør vurderast nøye før endringa vert godkjent. Endra regulering av gangmønster som er gjort no, minnar mykje om dagens situasjon i dette området.

#### R003/R04:

Tilkomst Litlebergen

Krysset mellom fv og o\_V5 (R003) skal utbetrast for tilkomst for større køyretøy og båttransport mot havneområdet Litlebergen. Det bør vurderast om tilkomst via o\_V11(R004) til båthamna då er nødvendig og om denne vegen bør regulerast stengt for gjennomkøyring då dette området ikkje er eigna for biltrafikk utover adkomst til bustadar med adresse Litlebergen 13-31.

#### R006:

Alver kommune har saman med FAU og representant frå fylkeskommunen hatt synfaring i dette området i samband med eit forsøk på samarbeid om hjertesone kring Grasdal skule. Då vart det diskutert om det lot seg løyse å få til eit «kyss og køyr» punkt for avsetjing av skuleborn for å få mindre trafikk ned mot skulen. FAU gjennomførte ein periode med avsetjing av elevar ved fylkesvegen og hjertesone på vegen mot skulen. Dette blei stor suksess og det er beslutta å setje opp hjertesoneskilt no i haust. Men, med dagens bussstoppløysing det vart ikkje godkjent å skilte bruk av eksisterande busshaldeplass til droppunkt.

#### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Det bør difor sjåast på om det kan takast inn ei regulert løysing for «kyss og køyr» i dette området for eksempel ved å bruke areal regulert til o\_AVG mellom o\_KV3 og o\_GS til dette formålet.

**Føresegner:**

4.2.2.Veg...

Offentlege vegar:

1. o\_V1 og o\_V2 (Plankart R001) gjeld tilkomstveg til kommunal kai ved Fossesjøen, som vert lagt om for ny tilpassing til fv. 5310.

Er kaien ved Fossesjøen egentleg kommunal? Det er private som påstår dei er eigarar av kaien og i matrikkelen eig ikkje kommunen grunnen kaiane på Fossesjøen ligg på. Dette bør sjekkast opp i og avklarast og då evt regulere om til privat fellesveg der kommunen er medeigar for adkomst til VA-anlegg.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Torkjell Holm Brenna  
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG